

## Pressemelding

Førde, 03. mai 2011

# Eninvest held fram 10 års feiring med ny storkontrakt

## *Kommunikasjonsnett med 11 kommunar og 152 lokasjonar*

**Eninvest har med utgangspunkt frå Førde i Sogn og Fjordane siste 10 åra skaffa seg eit solid fotfeste i ein bransje som normalt er prega av store nasjonale og multinasjonale selskap. Ny kontrakt med Regionsnett SYSNETT legg grunnlag for vidare satsing og utvikling av tenestetilbod og kompetansearbeidsplassar i fylket.**

10 år etter skipinga har Eninvest fortsatt som mål å vere pådrivar for etablering av breibandsinfrastruktur til privatpersonar, næringsliv og offentleg sektor i Sogn og Fjordane. Avtalen med Regionnett SYSNETT er med å underbygge dette og den vidare satsinga framover.

### **11 kommunar og 152 lokasjonar**

Regionsnett SYSNETT er eit IKT-samarbeid mellom 11 kommunar: Førde, Naustdal, Florø, Jølster, Gaular, Fjaler, Hyllestad, Gulen, Høyanger, Askvoll og Solund.

Regionsnettet SYSNETT er eit stort og omfattande nett med 152 lokasjoner fordelt på kommuneadministrasjon, grunnskular, barnehagar og helsestasjoner.

– Vi har bygd ut alle kommunesentra, men vil no vurdere ei ytterlegare utviding av dekningsområdet. Selskapet har langsiktige eigarar som har villa satse på etablering av ein framtidretta infrastruktur, seier Nandor Helgheim, Dagleg leiar i Eninvest.

### **Ytterlegare vekst**

Regionsnett SYSNETT har no inngått ein kontrakt på kring 15 millionar kroner med Eninvest for dei neste tre åra, med mogelegheit for 1 års forlenging.

– Den nye Kommunikasjonsløysinga skal ivareta intern breibands datakommunikasjon mellom dei 11 kommunane som kan nyttast til å drifte felles IKT-løysingar og må ivareta dagens oppgåver med tilkopling mot Skatteetaten, Norsk Helsenett, NAV, betalingsformidling og øvrige online-system, seier Arve Klokk, innkjøpskoordinator i Flora kommune.

– Det er gledeleg at vi fornyar og utvidar avtalen med SYSNETT på kommunikasjonsløysingar. Dette viser at vi kan konkurrere på like vilkår med dei store, og tilby løysingar som er til det beste for kunde, seier Helgheim.

### **For ytterlegare informasjon, venleg kontakt:**

#### **Nandor Helgheim**

Dagleg leiar, Eninvest

e-post: [nandor.helgheim@eninvest.no](mailto:nandor.helgheim@eninvest.no)

Mobil: + 47 970 54 370

#### **Arve Klokk**

Innkjøpskoordinator, Flora kommune

e-post: [arve.klokk@flora.kommune.no](mailto:arve.klokk@flora.kommune.no)

Mobil: + 47 415 34 935